



Fræna kommune
Teknisk forvaltning
Plan

Grunneigarar/interessentar
følgje vedlagde liste

Administrativt vedtak
Delegert plansak - nr. 7/2014

Dvkkar ref:

Vår ref
2013/2435-5

Saksbehandlar
Wenche Lyngstad

Dato
05.06.2014

MELDING OM DELEGERT VEDTAK

De vert med dette underretta om at slikt vedtak er fatta:

Forslag til mindre reguleringsendring for reguleringsplan VARHOL INDUSTRIOMRÅDE, slik det går fram av planutsnitt – Nytt forslag datert 04.11.13, sist endra 15.05.14, blir vedteke.

Vedlagt følgjer saksframlegg med vedtak.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen.

Dette må skje innan tre - 3 - veker etter denne kunngjeringa. Klaga må vere skriftleg og grunngjeven. Klaga skal sendast til det faste utval for plansaker (PLØK) som kan gjere om vedtaket, eller sende den vidare til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Med helsing

Rune Iversen
plan- og bygningssjef

Wenche Johanson Lyngstad
sakshandsamar

Postadresse

Fræna kommune, 6440 Elnesvågen

E-post:

postmottak@frana.kommune.no

Besøksadresse

Kommunehuset

www.frana.kommune.no

Telefon

71 26 81 00

Telefaks

71 26 81 90

Bank

8601.42.36300

Org.nr

845 241 112

MINDRE REGULERINGSENDRING

Reguleringsplan: VARHOL INDUSTRIOMRÅDE
Vedteke / stadfesta: 22.04.91
Planident: 91089


Bakgrunn :

Næringskonsulenten i kommunen, vende seg til Teknisk forvaltning – plan med ønskje om ei anna vegføring på Varhol Industriområde. Han skreiv at storleiken på tomtene som vert etterspurt, kan variere frå 2 til 20 da eller større og med gjeldande vegføring kan oppdelinga av tomter bli vanskeleg.


Den 04.11.13 blei det utsendt eit førehandsvarsel, der vegen blei foreslått endra slik forslaget under viser. Etter at planforslaget var ute til høyring, kom næringskonsulenten saman med planseksjonen fram til at det ville vere ei betre løysing å flytte vegen enda meir mot sørøst. Dette for å kunne dele frå mindre tomter mellom vegen og Doosan og dele frå større tomter mot nordvest.



Gjeldande plan



Nytt forslag 04.11.14



Nytt forslag, endra 15.05.14

På bakgrunn av dette blei det derfor sendt ut eit nytt førehandsvarsel 15.05.14

Formålet med vedteken plan:

Å legge til rette for industritomter i området.

Mindre reguleringsendring av plana går ut på:

- Å justere internvegane i planen.
- Å endre industriområda frå 6 til 3.
- Å fjerne intern gangveg.
- Å redusere byggegrensa frå 25 til 12 meter frå senterlinje.
- Å endre grøftbreidde frå 3 til 2 meter der det ikkje er oppmålte tomter.
- Å fjerne «annet trafikkområde» som ligg mot aust.

Mindre reguleringsendring av føresegnene går ut på:

- Å endre § 1.1.5 til 1.1.11 slik vedlagde føresegner – Nytt forslag viser.

Forslaget til endring har vore sendt til berørte grunneigarar, sektorstyresmakter og andre interessentar for uttale, jamfør Plan- og bygningslova § 12-14, 3. ledd.

Merknader:

Fræna kommune har ikkje mottatt merknadar til utsending av nytt førehandsvarsel datert 13.05.14, med planutsnitt datert 04.11.13, sist endra 15.05.14.

Jamfør § 12-14 i Plan- og bygningslova og i medhald av reglement for delegering av mynde i Fræna kommune gjer plan- og bygningssjefen slikt vedtak:

Forslag til mindre reguleringsendring for reguleringsplan VARHOL INDUSTRIOMRÅDE, slik det går fram av planutsnitt – Nytt forslag datert 04.11.13, sist endra 15.05.14, blir vedteke.